



MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

Årsrapport 2024





*Nyopninga av Astruptunet
var godt besøkt.*

Innhald

DIREKTØREN HAR ORDET	6
1. FORSKING OG BEVARING	11
2. KULTURHISTORIE	17
3. KUNST	23
4. STAB	29
5. OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE	37
6. ÅRSREKNESKAP	41
7. REVISJONSMELDING	58
8. AKTIVITETSOVERSIKT	61

FØREORD

Årsrapport 2024 er ei oversikt over aktiviteten og resultata ved Musea i Sogn og Fjordane i 2024

Innhaldet er delt opp i tre delar. I den første delen finn du oppsummeringar av året frå administrerande direktør, avdelingsdirektørar og stab. Del to inneheld styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding. Den siste delen er ei aktivitetsoversikt med lister over formidling, utstillingar, arrangement og andre arenaer museet har bidrige på.

Takk

Musea i Sogn og Fjordane takkar for driftstilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet, Vestland fylkeskommune og kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppe, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stad, Stryn, Vik og Årdal. Vi takkar også for gaver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Statsforvaltaren i Vestland og Kulturdirektoratet.

Visjon



Musea i Sogn og Fjordane skal vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør innan kunst og kulturarv.

Verdiar

Inkluderande, nysgjerrig, nærverande, forankra

Føremål

Føremålet til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er å drive museum. Vi skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling. Stiftinga skal kunne drive anna kulturell verksemd. Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med det museumsetiske regelverket til ICOM.



Redaksjon: Årsrapporten er ført i pennen av leiargruppa og seksjon for kommunikasjon og marknad.

Redaktør: Kommunikasjons- og marknadssjef
Henning A. Hellebust

Foto: Henning A. Hellebust, om ikkje annan fotograf er oppgjeven.

Design: Univerket

Korrektur: Totaltekst

Publisering: Publisert digitalt på misf.no

Framsidefoto: Konservator Kristine Ness jobbar med tekstsamlinga i det nye fellesmagasinet Tinghuset.



Besøkjande på utstillinga «Å møtast»
av Siri Anker Aurdal, i Høgsalen på
Sogn og Fjordane Kunstmuseum.



Direktøren har ordet

Krigane i Ukraina og Midtausten held fram, saman med mykje anna uro i verda. Dessverre kunne eg skrive oppatt mykje av det same som eg opna med for eit år sidan. I tillegg er Donald Trump vald til amerikansk president for andre gong, og vi anar store omveltingar som vil påverke oss med tanke på tryggleik og økonomi.

Uavhengig av kva regime som måtte regjere her heime i Norge, så må vi bu oss på at løyvingane til kultursektoren kan komme under press.

Kulturen si oppgåve er å syne kvar vi som nasjon står, med både sunne og usunne trekk. Vi skal vere ei motstemme, og stille spørsmål ved etablerte sanningar – spørsmål mange ikkje torer å komme med. Det krev mot.

Overordna

Musea i Sogn og Fjordane fekk 57 668 besøkjande i 2024. Dimed har vi akkurat like mange besøkjande som i året før pandemien slo til, 2019. Det tok altså nesten fem år før vi tok att det tapte. Vi skal vidare, og målet om 70 000 besøkjande per 31. desember 2026 står ved lag. Enkelt blir det ikkje.

2024 blei året då mange av draumane våre materialiserte seg. I februar opna statsråd Lubna Jaffery første del av Tinghuset i Angedalen.


I statsbudsjettet for 2025 er det løyvd midlar til ferdigstillinga av dette enorme løftet, i tillegg til at vi får auka driftsmidlane. I juni var Astruputnet pussa og klart for opning med sjølvaste Hennar Majestet Dronning Sonja. Det gav oss god starthjelp. Om lag samstundes var vi i gang med å byggje verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta. Idet vi passerer årsskiftet, skal jekta snart inn i nytt hus.

Relevant formidling

Vi har hatt svært mange ulike arrangement og utstillingar i 2024. Her er mange som bør nemnast, men eg vel å trekke fram Hans Gjesme-utstillinga på Sogn Kunstsenter i Lærdal. Ho fortel om kunstnarliv på Gaustad, i periodar med vekslande psykiske lidingar. Psykiske lidingar blir stadig trekte fram som ein av vår tids folkesjukdommar. Kva er vel meir relevant? Trass i at dette ikkje er mellom dei mest populære emna, har kunstsenteret i Lærdal oppnådd imponerande besøkstal.

Heilskapleg samlingsutvikling

Eg både vonar og trur at gjenstandane våre får det betre etter kvart som vi får fasa inn Tinghuset. I løpet av 2024 har vi fått ferdig Bygningsprioriteringsprosjektet. Det blir følgt opp med handlingsplanar. Det spesielle med denne oversikta er at vi tek omsyn til både teknisk tilstand, kulturhistorisk verdi og relevans. Relevans i tydinga at vi driv formidlingsaktivitet eller har planar om slik aktivitet, til dømes. Både Tinghuset og handlingsplanane for bygningane våre vil vonleg gje plass for den nære fortida, som etter mitt syn er viktig dersom vi skal presentere relevante samlingar. I 2024 gjennomførte vi den første avhendinga av fast eigedom. Kalvåg Kystlag overtok Vamråk Sildesalteri, og så langt er det godt å sjå at eit slikt anlegg kan få det betre utanfor Musea i Sogn og Fjordane.



På grunn av kvikkleire blei byggjestarten for nytt verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta utsett – grunnen måtte stabiliserast først.



Nybygget til Holvikejekta reiser seg. Foto: Lise Lydersen.



Kranselag: Taket er tett og byggherren feirar saman med entreprenøren, underleverandørane og dei som jobbar på bygget.

Trygg ivaretaking

Tinghuset er teke i bruk til basisfunksjonane, men vi arbeider med mellombelse løysingar. Innflyttinga er godt i gang og gjev rom for at vi kan flytte ut av ulike lager vi leiger, og fleire eigne bygg som slett ikkje gjev optimale forhold for kulturarven. No har departementet løyvd midlar til fullføring av anlegget. Vi veit enno ikkje om vi får fylkeskommunal støtte.

Kunnskapsproduksjon

Etter nokre år der mange med forskingskompetanse slutta hjå oss, er det no fleire nye som kan forske. Vi er stolte av arbeidet som blir gjort av dyktige historikarar. Vår første bygningsvernrådgjevar blei også tilsett i 2024 og vil bety mykje for tiltakshavarar, kommunar og oss sjølve. Vi har arbeidd med kompetansestrategien og vonar å komme i mål det kommande året.

Aktiv samhandling

Vi held fram med å møtast så ofte vi kan. Leiagruppera møtest ein gong kvar andre veke. Den utvida leiagruppera inkluderer museumsleiarane og ein del tilsette frå stab, og møttest fire gonger i 2024. Vi har gjennomført to personalsamlingar, ei med overnatting. Mot slutten av 2024 har vi løfta programmering som eit eige, felles emne, fordi det har så mykje å seie for drifta vår. Men det kan også vere ei kjelde til god og aktiv samhandling, om vi gjer det rett. Innflytting i Tinghuset gjer at vi må samordne oss med tanke på utsortering i samlingane.

Jan Heggheim

Administrerande direktør
Musea i Sogn og Fjordane

1



Fellesmagasinet
Tinghuset i Angedalen.

Forsking og bevaring

Overtakinga av Tinghuset i 2024 markerte eit tidsskilje for Musea i Sogn og Fjordane. Prosessen med å sikre gode magasintilhøve for samlingane ved musea i gamle Sogn og Fjordane fylke går attende til lenge før etableringa av den konsoliderte stiftinga i 2009.



Kulturminister Lubna Jaffery plasserer den første registrerte gjenstanden til Sunnfjord Museum, eit skrin frå Stardalen i Jølster, i magasinet.

Med Tinghuset klart til bruk, har vi ein fysisk manifestasjon av fellesskapen som har utvikla seg i MiSF, der vi ser heilskapleg på dei faglege oppgåvene og samarbeider på tvers av museum og geografi. Framtida for samlingane og samlingsforvaltingsarbeidet har med dette blitt mykje lysare.

2024 har vidare markert mange nye tilskot til avdeling for forsking og bevaring: Fem nye tilsette har slutta seg til den fine gjengen i avdelinga, fire av desse er nye i Musea i Sogn og Fjordane. Det er flott å sjå kor lett dei har glidd inn i arbeidsmiljøet, og dei meistrar oppgåvene på framifrå vis.

Forvalting av samlingane

Den 2. februar var det skipa til stor opningsfest for Tinghuset, det nye fellesmagasinet for Musea i Sogn og Fjordane. Fremst i rekka av gratulantar var kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery, som plasserte den symbolske første gjenstanden i magasinet.

Tida etter opninga har gått med til å teste og köyre inn fellesmagasinet, der særleg varmekammeret har bydd på nokre utfordringar før det endeleg blei klart til bruk. Alle gjenstandar som skal inn på fellesmagasinet, må gjennom preventiv konservering og insektsanering, og for Tinghuset er varmebehandling valt som den primære metoden for å handtere skadedyr.

Det har vidare vore jobba med å utarbeide gode rutinar for gjenstandsflyten frå mottak via preventiv konservering, insektsanering, registrering, fotografering og pakking til endeleg plassering på magasin. Her har vi særleg teke tak i gjenstandane som blei flytta frå Sunnfjord Museum som del av pilotprosjektet i 2023, men òg ein del av tekilstil-samlinga frå De Heibergske Samlinger og Sunnfjord Museum. Erfaringane vi har opparbeidd oss gjennom året, har resultert i ei rutineskildring som vil bli nytta i det vidare arbeidet. Ved utgangen av året har 582 gjenstandar fått plassering på Magasin 1, som er eit av tre magasin som var klare som del av det første byggjetrinnet.



Sergio Tassi er nytilsett samlingsforvaltar og ein av dei som skal sikre gode rutinar i Tinghuset.



Magasinforvaltar Nils Åge Kvamme.

Innflyttinga i Tinghuset har gjeve høve til kompetanseutvikling, både gjennom det praktiske arbeidet i nye lokale med mykje ny infrastruktur og gjennom kurs og opplæring. Særleg tekstilkurset i september var ei stor hending, der dei tilsette i MiSF saman med Bevaringstenestene gjennom to veker vurderte, konserverte, registrerte og pakka ei stor mengde skjøre tekstilgjenstandar.

I Tinghuset er også båtmagasinet klart til bruk. Sjølv om det allereie er fullt opp av båtar, er det ikkje klart kva som blir ståande der til slutt. Musea i Sogn og Fjordane har per i dag den største samlinga av tradisjonsbåtar av musea i Noreg, med 144 båtar.



Agata Bartkiewicz, prosjektmedarbeidar (MiSF) og Philippa Moxon, tekstilkonservator ved Bevaringstenestene.



Registrering av folkedraktliv.

Dette er fleire båtar enn vi har høve til å sikre trygg ivaretaking av på musea eller i Tinghuset, og vi har difor sett i gang eit større prosjekt for å prioritere i båtsamlinga. Målet er både å få auka kunnskapen om samlinga og å utarbeide eit grunnlag for å avhende båtar som av ulike grunner ikkje blir prioritert for vidare ivaretaking. Dette er eit tidkrevjande arbeid som også vil gå føre seg i 2025.

Av meir alvorlege hendingar blei det oppdaga skal etter teppebiller i lokalet som har husa drakt- og tekstilutstillinga ved De Heibergske Samlinger –



Kjetil Bergmo reingjer ein nordfjordbåt.

Sogn Folkemuseum. Mellom anna var det såkalla Heibergteppet, som truleg er frå 1400-talet, råka. Som følgje av dette blei utstillinga, som det var planar om å fornye i 2025, teken ned, og alle tekstilane er frysebehandla. Det viser seg at det er eit utfordrande lokale å sikre mot slike hendingar, og utstillinga er utsett inntil vidare.



Konservator Georgina McDowall og handverkar Kjetil Bergmo undersøkjer båtar i samlinga i samband med prioriteteringsprosjektet.



Etter at det blei funne teppebilleskal på Heibergteppet, ventar det på å få reise til konservering hjå Bevaringstenestene. Førstekonservator Therese Nesset og seniorrådgjevar Aud Ross Solberg.



Handverkarane Jill Tefre og Øyvind Skarstein førebud sikring av stabburet på Vågsberget handels- og gjestgjevarstad.

Bygningsantikvarisk

Rapporten frå arbeidet med prioritering i bygnings-samlinga blei klar våren 2024, og med dette har vi eit solid utgangspunkt for å planleggje og prioritere det vidare vedlikehalds- og restaureringsarbeidet. Rapporten har hatt mindre verknad på det bygningsantikvariske arbeidet i 2024, då det i særleg grad har handla om allereie igangsette prosjekt. Med utgangspunkt i rapporten har avdeling for forsking og bevaring starta opp arbeidet med ein

heilskapleg tiltaksplan, som inkluderer plassering av dei kulturhistoriske bygga i ulike «tiltaksklasser». Grovt sett vil dette innføre eit skilje mellom høves-vis materiell, prosessuell og visuell autentisitet som styrande for tilnærminga til vedlikehalds- og restaureringsarbeidet, og det vil vonleg gjere det lettare å ivareta bygningssamlinga med dei ressursane vi har til rådvelde.

Av større bygningsantikvariske arbeid er vi no i gang med å føre opp att Hemreibui på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Bygningen har lege lagra etter flytting frå Amla, men sidan Hemreibui er freda, har det lenge vore eit pålegg om oppattføring. Grunnarbeidet har teke tid, men med dei nedste stokkane på plass ser vi fram til god framgang i arbeidet i 2025.

Arbeidet med Løsetloftet på Sunnfjord Museum, eit anna freda bygg, held også fram. Soga seier at kong Christian IV reiste gjennom Sunnfjord ein gong på 1600-talet. Då skal han ha overnatta på Løsetloftet i Jølster. Delar av senga han kan ha sove i, står på Universitetsmuseet i Bergen, men



Knut Arve Helle og Jan-Arve Lund kløyver ein furustokk.



Arbeidsgjengen frå Sunnfjord Museum, Nordfjord Folkemuseum og De Heibergske Samlinger.

no skal vi lage ein kopi til nyopninga av bygget og 100-års-jubileet til Sunnfjord Museum i 2026. I dette arbeidet har vi nytta same framgangsmåten som då den opphavelege senga blei tilverka, og slikt arbeid har synt seg å vere særslig eigna til formidling av tradisjonshandverket som handverkarane våre fører vidare.

Ved Nordfjord Folkemuseum blir det planlagt for eit omfattande restaureringsarbeid på Heggdalsloftet. Det har i 2024 vore gjennomført ei grundig synfaring, med sikte på å starte opp arbeidet i 2025. Det har elles blitt gjort eit større arbeid på Kandalsmatstova, der det har vore fuktproblem på grunn av isolering som har blitt lagt tidlegare for å leggje til rette for formidling. Det var nytta plast mellom isolasjonen og laftekassa, noko som fanga fuktigheita i laftet.

Ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane blei Nilsen-slippen opna for publikum, med full operativ maskinpark. Det har vore omfattande arbeid på saga på museet, som blir nytta til å sage materiale til restaureringsarbeidet. Vi har planlagt sikringsarbeid på Stabburet ved Vågsberget, der vi har fått særskilt tilskot frå Vestland fylkeskommune.

Forsking og kunnskapsdeling

Det treårige utviklingsprosjektet Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland, som har vore støtta av Kulturdirektoratet og Vestland fylkeskommune, blei avslutta i 2024. I tillegg til aktivitetar i form av skrivesamlingar og forskarseminar har det vore jobba mykje med å sikre vidare aktivitet i forskingsmiljøet som har utvikla seg mellom musea i desse åra.

Sjølv om det førebels ikkje er sikra varig drift av Forskningsnettverk Vestland, slik vi har jobba for, er det løyvd midlar frå fylkeskommunen til å føre vidare nokre av aktivitetane som har vore viktige for å sikre dei gode resultata i prosjektet.

I 2024 har Musea i Sogn og Fjordane hatt to vitskaplege, fagfellevurde publikasjonar. Fleire artiklar er under arbeid, somme er jamvel antekne for publisering, men sjølv publiseringa blir i 2025. Det er i 2024 blitt tilsett to nye i forskarstillingar, ein konservator og ein førstekonservator. Det er totalt tre tilsette med doktorgrad, to av dei med autorisasjon som førstekonservator. Vi vonar at dette skal bidra til å styrke forskingsarbeidet i åra framover. Ein tilsett har teke vidareutdanning i vitskapleg publisering for museumstilsette ved Universitetet i Bergen, og arbeidet har resultert i ein vitskapleg artikkel som vonleg blir publisert i 2025.

Kunnskapsdelinga i Musea i Sogn og Fjordane famnar vidare enn det som hamnar i vitskaplege publikasjonar, og i 2024 har det blitt publisert fem populærvitskaplege fagartiklar, det har blitt halde innlegg på konferansar, og det har blitt halde både eksterne føredrag og føredrag i regi av musea. Sjå publikasjonslista for ei detaljert oversikt.



Ingrid Norum har forska på Hans Gjesme og har vore kurator for utstillinga «Gal og genial?».

2



Utstillingsmonter frå Catharine Hermine Kølle-utstillinga. Kølle måla miniatyrbilde frå turane sine, som er hengt opp i forstørra utgåver. Foto: Guri Våge Mossige

Kulturhistorie

Utstillingsverksemd

På Norsk Reiselivsmuseum opna vi ei utstilling om den første norske turisten – Catharine Hermine Kølle. Med skisseblokk og skrivebøker i sekken reiste ho ut i verda først på 1800-talet, og i løpet av 30 år gjennomførte ho 15 vandringer og reiser i inn- og utland. Livet og reisene hennar er dokumentert gjennom meir enn 250 akvarellar og 1 800 tekstsider. Vi produserte utstillinga i samarbeid med Universitetet i Bergen og Universitetsbiblioteket i Bergen, og ho formidlar om den lengste vandringsa til Kølle i Noreg, då ho i 1835 gjekk 224 mil til fots. I samband med utstillinga skipa vi til symposium med kunst- og kulturhistoriske føredrag og samtaler.

På Sunnfjord Museum og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum tok vi imot vandreutstillinga «Hovudplagg og hårmote i folkedrakt og bunadbruk». Utstillinga, som er produsert av Norsk folkedraktforum, viser tradisjonelle hovudplagg frå mange stader i Noreg, slik dei blei nytta på 1700- og 1800-talet og blir nytta i dag. Pikahuva, linhatta, pålalua, hetta, perlekranse, skautet og båthatten var mellom dei kring 100 ulike hovudplagga som var stilt ut, og utstillinga formidlar om draktskikken dei var del av.

På Kystmuseet nytta vi høvet til å gjenbruke utstillinga «På jakt etter pigghåen», som blei sett opp første gong i 1993. Utstillinga er bygd rundt foto av Dagbladet-fotografen Åsgeir Valldal, og gjev eit innblikk i eit fiske som kring 1960 var stort i Sogn og Fjordane. Før utstillinga blei sett opp igjen over 20 år etter at den først blei laga, fekk teksten og designet ein revisjon. I samarbeid med Flora Kunstlag opna vi også utstillinga «Nedsenka natur» av biletkunstnaren Christine Hansen frå Florø. Utstillinga reflekterer over økosistema i havet og menneska sin relasjon til naturen, og er særleg inspirert av havet og øya Kinn.

På Vågsberget gjenbrukte vi utstillinga «Nordfjordbåten», som blei sett opp første gong i 2017 på Nordfjord Folkemuseum. Utstillinga formidlar historia til denne særprega båten, ein båtbyggjarindustri i Gloppen og den over 1 000 år gamle klinkbyggjartradisjonen.

I miniutstillinga «Planter i Norge – illustrasjoner av vanlege vekster i vår nære natur» viste vi på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum nokre av Hege Sviggum Gjerde sine illustrasjoner til botanikar og økolog Inger Auestad sin nyutgjevne flora.

Alle dei tre folkemusea hadde miljøutstillingar i kulturhistoriske bygningar som formidla tradisjonelle juleinteriør og -skikkar gjennom fleire hundreår. På Nordfjord Folkemuseum og Sunnfjord Museum sette vi i tillegg opp utstillingane «Jul i bondesamfunnet» og «Rundt om en enebærbusk», begge produsert av dei tilsette på musea.



Ei julepynta Otneimstove på Nordfjord Folkemuseum.

Å lage ei kulturhistorisk utstilling med samlingsgjenstandar og arkivaliar er ein kompleks og ressurs- og tidkrevjande prosess som krev involvering av mange ulike faggrupper. Eitt av måla i formidlingsplanen er at alle dei heilårsopnene arenaene skal ha minst ei ny utstilling kvart år. Gjen- og meir bruk av utstillingar bidreg til at vi kan nå dette målet. I 2023 og 2024 har vi hatt museumsleiarar i foreldrepermisjon, og vi har rekruttert tre nye museumsleiarar. Dette har påverka kapasiteten ved enkelte av musea, særleg knytt til eigen utstillingsproduksjon. Vi vurderer det likevel slik at publikum har hatt eit godt tilbod også i 2024.



Museumspedagog Filippo Olari sveivar i gang handkverna. Skal tru kor mange timer som gjekk med frå ein byrja å hogge ut kvernsteinen til brødet var ferdig steikt for 1 000 år sidan?

Formidlingsverksemd

Omvisingar og pedagogiske opplegg er viktige formidlingsformer som utfyller utstillinga som formidlingsform. Møtet mellom dei besøkjande og formidlarane våre skapar eit felles erfaringsrom som opnar for dialog og skreddarsydd formidling. Slik gjev omvisinga og formidlingsopplegget ein meirverdi til museumsbesøket.

Alle dei kulturhistoriske musea våre tilbyr introduksjonar og omvisingar til besøkjande som løyser billett. Korleis dette tilbodet er organisert, varierer frå museum til museum. I sommarsesongen er det i all hovudsak sommarvertane som står for omvisingstilboden.

I 2024 har musea med sine formidlingstilbod bidrege til gode og meiningsfulle opplevelinger for born og unge, menneske med demens, eldre brukarar av dagtilbod ved omsorgssenter, innvandrarar i norsk opplæring, høgskulestudentar, og mange andre besøksgrupper som finn vegen til musea.

Aktivitetsbasert formidling har fått ein stadig viktigare plass, og ved fleire av musea etablerte vi publikumsaktivitetar i utstillingane, mange arrangement var bygde på konsept som gav moglegheit for aktiv deltaking, og det blei i alle musea lagt ned eit godt arbeid for å gje formidlingsstilbod som inviterte heile familien med.

Formidling til born og unge

Born og unge i barnehage og skule er ei prioritert målgruppe for oss. Sjølv om museumsbesøket i seg sjølv har ein eigenverdi som oppleveling, utformar vi eigne opplegg som er skreddarsydd for ulike aldersgrupper. Slik legg vi til rette for lærings- og målretta kunnskapsformidling. Dei pedagogiske formidlingsopplegga våre er heilt eller delvis knytt til kompetanseområla i læreplanane til skulane.

Alle born og unge i Sogn og Fjordane har tilbod om å delta på opplegg i musea våre. Der vi tidlegare nyttja Museumslosen, gjekk vi i 2024 over til Digitalt-Museum Skole som plattform for presentasjon av ein rikhaldig meny skulane og barnehagane kan velje frå.



Museumspedagog Nina Renate Brendsdal er klar til å ta i mot elevar på 9. trinn som kjem med museumsbussen til Sunnfjord Museum. Frå hausten 2024 fekk alle elevar på 9. trinn tilbod om gratis transport til eit av dei tre folkemusea og eit valfritt temamuseum (kunst eller kulturhistorie). Teksten på bildet er manipulert inn.

Museumsbuss

Vi har gjennom fleire år erfart at transportkostnader for mange har gjort terskelen høg for museumsbesök. Difor var det med stor glede vi hausten 2024 kunne rulle ut museumsbussen – eit konsept som sikrar gratis transport til to museumsbesök i løpet av skuleåret for alle elevar på 9. trinn. Midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane finansierer tilboden ut 2025, og vi vil følgje opp med ein ny søknad. Museumsbuss-tilboden omfattar deltaking i eit pedagogisk tilrettelagt opplegg på eit av dei tre folkemusea, i tillegg til eit valfritt besök på eit av dei andre musea i MiSF.



Stavedalsstova var pynta til jul slik ein gjorde på 1600-talet, og Aud Ross Solberg formidla om gamle juletradisjonar. I hovudbygningen kunne ein vere med på verkstad og lage julepynt av både papir og grønt.



Museumsvert Hilde Wiik demonstrerer sildeflekkning på Bataldebua. Kystmuseet har eit fast tilbod til elevar på 6. trinn der dei får kjenne på kroppen korleis det var å jobbe på ei sildebu for 150 år sidan. Dei får også lære om sildefisket og kva silda hadde å seie for utviklinga av Florø by.

Den kulturelle skulesekken

Alle dei kulturhistoriske musea sender årleg programforslag til DKS Vestland. For skuleåret 2024/2025 var det Norsk Reiselivsmuseum og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum som fekk plass i programmet, med opplegga «Sexturisme» og «Ungdom og identitet».

Prosjektet Det omreisande museet fekk produksjonsmidlar frå DKS Vestland i 2023, men fekk ikkje plass i programmet for 2024/2025. Det skal etter planen vere avslutta våren 2025. Med dette har vi produsert ein nytt opplegg for barnehage/småskule som kan bli gjennomført utanfor musea.



Den skal tidleg krøkjast som god krok skal bli. Små hender får prøve seg på potetkakebaking i Leirmostova på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Foto: Anita Aasen / Musea i Sogn og Fjordane



Arrangement

Musea er vertskap for ei rekke store og små arrangement for ulike målgrupper gjennom året, og fleire av arrangementa skjer i samarbeid med lokale/eksterne aktørar. Blant arrangementa finn vi både større enkelthendingar og seriar med godt innarbeidde programprofilar. Vi erfarer at det er ein fast kjerne besøkjande som har høg oppmøtefrekvens, medan enkeltarrangement trekkjer besøkjande som har særskild interesse for det aktuelle temaet eller den aktuelle aktiviteten. Ei liste over arrangementa finn du til slutt i årsrapporten.

Kurs

Kurstilboda er med på å gjøre musea til ein attraktiv læringsarena, og gjev publikum høve til å utvikle nye ferdigheter og ta del i den immaterielle kulturarven. Kursdeltakarane får ei praktisk innføring i ulike handverksteknikkar og innsikt i den immaterielle kunnskapen som kurshaldarane forvaltar. I 2024 hadde vi tilbod om kurs i mattradisjonar, skjering av frukt- og bærbuskar, korgfletting, botanisk illustrasjon, m.m.

Før julssøndagen på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er eit populært arrangement som trekkjer besøkjande i alle aldrar. I hovudbygningen kunne ein vere med på verkstad og lage julepynt av både papir og grønt.



3



Kunst

Astruptunet

Sidan 2020 har ein av dei største skattane våre blitt rehabilert, nyplanta og pussa opp – heile anlegget i Astruptunet har blitt løfta gjennom eit krafttak av dei sjeldne. Sankthanshelga blei nyopninga høgtideleg markert, og H.M. Dronning Sonja sto for snorklippinga laurdag 22. juni. På denne varme sommardagen fekk over 300 gjestar oppleve Astruptunet på sitt flottaste, med besøk frå kongehuset og av fylkesordføraren, ordføraren og ei rekke artistar som sette sitt preg på eit minnerikt opningsarrangement.

Etter at Astrup-utstillinga på SFKM var over i september 2023, fekk vi moglegheit til å ta mange av dei innlånte verka frå Sparebankstiftelsen DNB og Kode vidare til galleriet i Astruptunet for den store nyopningssommaren. Utstillinga «Naturens gåve» var såleis fylt med høgdepunkt som *Marsmorgen*, *Revebjeller* og *Epletre i blomst*. Vi fekk også ei gledeleg overrasking i forkant av nyopninga, då Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane meldte at dei hadde kjøpt to Astrup-måleri på auksjon i juni. Dei to måleria, *Trollebotten* og *Sankthansbål* ved *Jølstravannet*, blei lånt ut til oss og raskt montert i galleriet som del av utstillinga.



Mange besøkande tok turen til Astruptunet etter nyopninga.



Leiartrioen i avdeling kunst, Mayra Henriquez, Solveig Berg Lofnes og Tor Martin Leknes.



Opningstala til Hennar Majestet Dronning Sonja ved nyopninga av Astruptunet 22. juni 2024



Her skal det byggjast visingssenter for Astruptunet. Avdelingsdirektør Tor Martin Leknes, som her står saman med museumsleiar Solveig Berg Lofnes, var jurymedlem i arkitektkonkurransen for Astruptunet.



Dei nyinnkjøpte måleria til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane blir overlevert til galleriet.

Etter fleire år med arbeid på både bygg, hage og anlegg blei det ein markant oppsving i publikums- talet. Over 7 000 besökjande var innom Astruptunet i løpet av 2024. Restaureringa var mogleggjort av Sunnfjord kommune og Sparebankstiftelsen DNB med ei økonomisk ramme på 46 millionar.



Besøkjande studerer eit av måleria Hans Gjesme måla då han var pasient ved Gaustad psykiatriske sjukehus.

Gal og genial?

I Sogn Kunstsenter opna ei heilt ny utstilling om Hans Gjesme, som tok utgangspunkt i åra kunstnaren var innlagd på Gaustad psykiatriske sjukehus mellom 1955 og 1971. Perioden har ikkje vore løfta i nemne-verdig grad i historia om Gjesme, og mange av verka i utstillinga har heller ikkje blitt vist tidlegare. Tittelen på utstillinga «Gal og genial?» spelar på myten om korleis mange kunstnarar gjennom tida har fått denne merkelappen. Utstillinga nyanserer dette med å vise til den rikhaldige produksjonen Gjesme hadde i åra som innlagd, der verka skildrar livet som pasient på både brutal og vakkert vis. Bileta står ikkje tilbake for tidlegare periodar i karrieren til Gjesme, tvert imot. Gjennom sesongen hadde kunstsenteret dei beste besøkstala sidan 2015 – heile 3 384 besøkjande var innom og såg utstillinga. Utstillinga fekk merksemd i nasjonale medium og skal hengje oppe i 2025 òg.



Berhanu Mekonen har montert og lyssett utstillinga «Gal og genial?».



Alt Går Bra ved Agnes Nedregård og Branko Boero, ved sidan av museumsleiar Mayra Henriquez.
Foto: Lise Lydersen

Medverknad og samarbeid

Kunstkollektivet Alt Går Bra har gjennom fleire år vore aktuelle ved store museum som Nasjonalmuseet og Kode. Dei har også hatt fleire prosjekt utanlands, men i 2024 var det SFKM som husa to etasjar med verk. Med utgangspunkt i ein sjanger måleri som spann ut frå den vesle bygda Stranda i Nordhordland etter andre verdskrig, opna første del av utstillinga i Høgsalen i mars. I denne delen av utstillinga oppfordra Kunstmuseet publikum til å dele av Stranda-måleria sine, og resultatet var over 200 verk som kom på veggen i Høgsalen gjennom utstillingsperioden. På opninga kunne publikum sjølve ta mikrofonen og dele historier om verka dei hadde lånt ut.

Alle dei innlånte måleria utgjorde ein del av ein kunstinstallasjon på tre verk, og denne var ein hyllest til ei gruppe målarar og ein sjanger som aldri har fått merksemd i verken kunsthistoria eller museal samanheng. Del to av utstillinga opna i mai, med ei rekke nyproduserte verk frå Alt Går Bra.

Kunstmuseet har også husa to utstillingar som del av samarbeid med Vestlandsutstillingen og Kunstrarsenteret i Sogn og Fjordane. Sistnemnde har nyleg blitt etablert, etter at Kunstmuseet i ei årrekke tok hand om kunstsenterdrifta for den nordlege delen av Vestland fylke. Utstillinga «Mønstring» er den første produksjonen til Kunstrarsenteret, og utstillinga opna i november.

Formidling/arrangement

Kunstmuseet har hatt månadlege verkstadtilbod for born, med opplegg knytt til både utstillingar og relevante tema for årstidene. Verkstadene er svært populære blant barnefamiliar, og tiltaka er ein del av måla våre om meir tilrettelegging for publikumsgrupper som har tid til museumsbesøk i helgene. I adventstida gjennomførte vi verkstader på både Eikaasgalleriet og Kunstmuseet.



Ein gjest prøver seg på hurtigmåling, slik Stranda-målarane gjorde. Foto: Lise Lydersen



Frå draktutstillinga under landslovsmarkeringa på Eikaasgalleriet. Foto: Solveig Berg Lofnes

I 2024 blei den 750 år gamle landslova etter Magnus Lagabøte markert over heile landet. Lova blei lansert i Bergen i 1274 og er eit sentralt verk i både europeisk og norsk rettshistorie.


Lovverket er nært knytt til Audun Hugleiksson som kom frå Åhus i Jølster, og difor blei landslovs-markeringa til Sunnfjord kommune lagt til Åhus. Frå 27. til 30. september blei det gjennomført fagdag, utstillingsopningar, konsertar og opning av

kulturminneløype. Eikaasgalleriet blei pryda med to nye utstillingar som del av markeringa. Alle 6.-klassingane i Sunnfjord kommune var på vitjing på Åhus mandag 30. september, og fekk mellom anna sjå utstillingane.

I Lærdal fekk vi besøk av Ellen Hagemo og Vigdis Smedsrød, to tidlegare tilsette ved Gaustad sjukehus som fortalte om tida der, i samband med Gjesme-utstillinga. På Kunstmuseet er kunsttorsdagar eit populært tilbod på kveldstid ein gong i månaden, der vi tek imot spesielt inviterte gjestar til arrangement som bokprat og føredrag.

Omvisingar og kurs

Vi har gjennom året hatt regelmessige omvisingar på alle musea våre, anten som del av tilpassa opplegg for ulike publikumsgrupper, eller opne omvisingar. Det vaksne publikummet har hatt høve til å delta på fleire kurs på Kunstmuseet, mellom anna akteikning, som var ein populær aktivitet og fullteikna. Gjennom året har vi hatt gode samarbeid med ei rekke aktørar. Gjennom desse har vi fått spissa aktivitetane og programmeringa. Tusen takk til Sogn og Fjordane Kunstnarsenter, Vestlandsutstillingen, Førdefestivalen, Teater Vestland, Kode, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftelsen DNB.



Utstillinga "Å møtast" av Siri Aurdal blei flytta frå Eikaasgalleriet til Høgsalen i kunstmuseet i oktober.

4



Gruppebilde frå personalsamlinga i Balestrand.

Stab

Administrasjon

Seksjon for økonomi og administrasjon har i 2024 vore samansett av tre stillingar, administrasjonssjef, administrasjonsmedarbeidar og økonomikonsulent. Dette har utgjort 2,6 årsverk ved starten av 2024 og 2,4 årsverk frå september.

Vi har ansvaret for rekneskap og lønskøyring, økonomirapportering og budsjettering med tilhøyrande digitale verktøy, IT-drift, innkjøp av pc-ar og tilbehør, forsikring, handtering av offentlege avgifter, postmottak, sentralbord og generell administrasjon.

Med ein relativt ny medarbeidar i seksjonen har det vore eit år med fokus på opplæring. Køyring av løn blei sett ut til ein ekstern partnar frå oktober, og vi skifta samtidig lønssystem. Elles har vi så smått sett på digitale planleggingsverktøy som vi ønskjer å ta i bruk i 2025.

På IT-sida er det KulturIT som er driftspartnar også i 2024. MiSF er deleigar saman med ei rekke andre museum. KulturIT jobbar for digitalisering i sektor-en i samarbeid med dei ulike musea og tilbyr ulike fagsystem som er relevante for kultursektoren. I tillegg til IT-drift brukar vi fagsystem frå KulturIT på Primus, DigitaltMuseum, DigitaltMuseum Skole og Museumsbillett.

Drift

På drift var målet å få avdelinga til å komme i gang med FDV-program, eit program for å samle forvalting, drift og vedlikehald av bygg på éin stad, altså eit system som samlar til dømes internkontrollar, brannbok og arbeidsordre. Så langt viser programmet seg å vere svært bra, og det er i kontinuerleg bruk.

2024 var prøvedriftsår for fellesmagasinet Tinghuset i Angedalen. Det har vore stor aktivitet der for å optimalisere byggdrifta slik at vi skal vere klare til å gå frå prøvedrift til normal drift i 2025.

Oppgraderingsbehova for driftsbygningar, altså publikumsbygningar, verkstader, magasin og liknande, er store. Det har vore god aktivitet. På Sunnfjord Museum blei det montert nytt brannvarslingsanlegg og dørautomatikk på hovudinngangsdøra, og parkeringsplassen vart asfaltert etter graving i samband med VA-prosjektet. På Nordfjord Folkemuseum blei mykje belysning bytt ut. Elles har vi hatt fokus på oppgradering av rømmingsvegar og ventilasjonsanlegg. Kystmuseet i Sogn og Fjordane fekk på plass brannkonsept, dessutan er det sett i gang eit prosjekt som skal gi dei tilsette nye kontor og toalett.



Det har vore utfordringar med konstruksjonen i driftsbygget på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Driftsteknikar Lasse Bødal peiker ut ein skade.

Ny søknad om midlar til å fullføre takrehabiliteringa på Kystmuseet er sendt til kulturbyggnaderna hjå Kulturdirektoratet, søknaden omfattar oppgradering av branngryggleiken òg.

Ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har det blitt utført tidlegfase-prosjektering av hovudbygg, taksikring og elektrooppgraderinger, og ein har hatt auka merksemd på skadedyr.

Kvernsteinsparken har fått arbeidd fram ein ny situasjonsplan for ein stegvis oppgraderingsplan.

HR

I 2024 har vi halde fram med forbetnings- og utviklingsarbeidet i HR-prosessane. Vi har komme godt i gang med fokusområdet kompetanse og har starta å kartlegge kompetansen i organisasjonen i dag. I tillegg har vi kartlagt kva type kompetansebehov vi vil ha dei kommande åra, og teke det med i den interne kompetanseutviklinga.



Eit av fokusområda våre er kompetanseheving på temaet mangfald og inkludering. Vi har halde føredrag og verkstader for dei tilsette og gått inn i eit veldig spennande samarbeid med Balansekunst, som er ei medlemsforeining for kulturverksemder som arbeider for eit likestilt og mangfaldig kulturliv.



Vi fullførte også prosjektet i utvikling av lønspolitikk i 2024, eit viktig arbeid som vil vere ei god rettesnor for både arbeidstakar- og arbeidsgjevarsla i MiSF.



I 2024 har vi også fått testa rekrutteringsprosessen vår godt. Vi tilsette over 40 sommarvertar før sesongen starta i 2024, ein stor flokk med engasjerte og flinke tilsette som bidrog godt for å gje dei besøkjande gode opplevelingar gjennom sommaren. Vi har også fullført andre rekrutteringsprosesser og er i år som i fjor særslig nögde med kvaliteten på kandidatane vi trekkjer til oss og tilset. Vi håpar noko av dette heng saman med innsatsen vi legg ned i arbeidsgjevarmarknadsføringa vår (godt støtta av ei dyktig kommunikasjons- og marknadsavdeling),

Museumsleiarane er ofte talspersonar hjå oss. I 2024 tilsette vi tre nye: Alexander Rauboti på Kvernsteinsparken, Trude Knagenhjelm på De Heibergske Samlinger og Sallie Anna Pisera på Sunnfjord Museum.

Personalsamling rundt «leirbålet» i Kvernsteinsparken.





Konsentrerte lyttarar på personalsamlinga i Balestrand.

og at synlegheita vår kanskje er noko sterkare enn tidlegare. Vi har delteke på nettverkssamlingar, på rekrutteringsmesser på ulike stader i og utanfor fylket, og gjennomført ulike tiltak innanfor arbeidstrening/jobbprøving/hospitering o.l. – eit samfunnsansvar som vi tek på høgste alvor og ønskjer å halde fram med dei kommande åra. Tiltak som synleggjer kven vi er og kva moglegheiter som finst hjå oss, er viktig og eit prioritert område på HR-sida.

Eksternt synlegheitsarbeid er viktig, men like viktig er det interne arbeidet vi legg ned for å sikre at dei tilsette trivst og opplever utvikling. I året som har gått, har vi gjort fleire slike tiltak, blant anna vidareutvikla on- og offboarding-prosessane våre. Vi har dessutan lagt vekt på livslang læring og kompetanseutvikling for alle dei tilsette gjennom individuell oppfølging og utviklingsplanar. Vi har gjennomført ulike tiltak innanfor leiarutvikling og komme enno lenger enn i 2023 på gode tverrfaglege samarbeid på tvers av musea våre.

Vi hadde høg score i medarbeidarundersøkingane innanfor både trivsel, motivasjon og arbeidsmiljø. Vi jobbar stadig med tiltak for å sikre at dette held seg på eit høgt nivå.



Elevar ved Førde vgs, vg2 tømrar, besøkjer Sunnfjord Museum for å få ein introduksjon til tradisjonelle handverksteknikkar og reiskapar.



Nytilsett digital marknadsførar Heidi Wergeland dokumenterer arbeidet til konservator Kristine Ness i Tinghuset.

Kommunikasjon og marknad

Auka kompetanse og kapasitet på kommunikasjon og marknadsføring er avgjerande for å nå målsetnaden om 70 000 besøkjande, og med det også auke eigeninntektene, innan 2026. I 2024 blei seksjonen difor styrkt med ei ny stilling som digital marknadsførar.

Omtaler i media

Musea i Sogn og Fjordane har registrert 253 omtaler i redaktørstyrte medium i 2024, ein knapp auke i høve til 2023. Hovuddelen av omtalene har vore nyheitsartiklar om samfunnsoppdraget vårt, større prosjekt, økonomi, arrangement, publikumsutviklinga og musea som arbeidsplass. Vi har også drive noko formidling, men mindre enn i 2023.

Omtalene av oss er i all hovudsak nøytrale eller positive. Unntaket er tre negative lesarinnlegg i samband med avslag til gjennomføring av Glopperock på Nordfjord Folkemuseum og to artiklar om mus i kaféen på De Heibergske Samlinger.

Av museumsarenaene er det Astrupunet som har hatt flest omtaler i media, over 50. Dette har samanheng med nyopninga av Astrupunet. Nordfjord Folkemuseum har fått mykje omtale i samband med nytt verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta. Tinghuset har fått noko omtale lokalt – noko av det knytt til lovnaden om budsjettmidlar til ferdigstillinga – det same har arrangement på Kunstmuseet og hendingar knytt til Kystrmuseet og Sunnfjord Museum. Kvernsteinsparken og Norsk Reiselivsmuseum har òg hatt fleire enn ti omtaler i året som gjekk.

Nettside

Den viktige trafikken på nettsida auka med 31 prosent i 2024. 82 000 unike brukarar sytte for 91 000 økter og 210 000 sidevisinger og brukte i snitt over 4 minutt på kvart besøk. Det er hovudsakleg stoff i kategoriane opplevingar og nyheter som får lesarar. Hovudvekta av trafikken kjem via Google-søk. I 2024 fekk vi på plass betre filmvising, moglegheit til å krysspublisere nyheitssaker på tvers, tiltak for å leie lesarane vidare til meir innhald, og dessutan tryggingstiltak som oppgradert programvare for nettsida og to-faktor-autentisering.



NRK Sogn og Fjordane hadde sending frå Astrupunet.



NRK filma då Lubna Jaffery opna Tinghuset.

Sosiale medium

Det er Facebook vi når desidert flest med, med ei rekkevidde på 409 000 personar på sosiale medium i 2024. Det er ein auke på 30 prosent frå året før. Instagram har ei moderat rekkevidde på 47 800 personar, ein auke på 11 prosent. For begge gjeld store variasjonar mellom dei forskjellige museumsarenaene.

Marknadsføring

Seksjon for kommunikasjon og marknad har hjelpt musea våre med annonsering av arrangement i sosiale medium. I samband med skuleferiane har vi køyrd ulike felles kampanjar og bidrige med å lage innhald, som filmar og foto.

For å spare kostnader og sidan færre enn før tek med brosjyra, endra vi i 2024 produktet til ein liten løpesetel. I staden har vi nytt meir midlar på digital marknadsføring. Målsetnaden er å få publikum til å besøkje nettsida vår, og sjølvsagt musea våre. Vi nyttar Museumsbillett til sal av inngangsbillettar, billettar til arrangement, årskort og museumspass. Besøkjande kan kjøpe desse produkta ved musea våre òg.

Marknadskonsulenten har ansvaret for avtalene med destinasjonsselskapa i Sogn og Fjordane for å oppnå

stordriftsfordelar. Vi har eit godt samarbeid med dei, og vi har i løpet av året hatt nokre visingsturar med turoperatørar ved ulike museum.

Marknadsføring i samband med arrangement og utstillingsopningar i MiSF er kvar enkelt museumsarena sitt ansvar. Det skjer gjennom bruk av sosiale medium, regional og lokal presse, nettsida og ulike samarbeidspartnarar, men seksjonen støttar ved behov.

I haust starta vi opp med nyheitsbrev på e-post. Vi rekrutterer abonnentar frå alle plattformene og sender ut månadlege e-postar som inneholder leseverdige artiklar som formidlar kunnskap, i tillegg til informasjon om dei nærmaste arrangementa.

I strategiplanen har vi lagt vekt på at vi skal utvikle tilbodet ved musea meir i tråd med marknaden, gjennom tettare dialog med omgjevnadene. I 2024 har vi difor gjennomført fokusgrupper med «ikkje besøkjande». Det har vore lærerikt og interessant. På bakgrunn av dette har vi utvikla såkalla personas som vi nyttar i marknads- og kommunikasjonsarbeidet vårt. Vi har også starta opp med ei undersøking for å innhente informasjon om dei besøkjande ved musea våre, som er eit viktig grunnlag for å utvikle museumstilbodet vårt.



Det var bra med tilskodarar då Hennar Majestet Dronning Sonja planta rabarbra saman med Ingeborg Mellgren Mathiesen, i påsyn av ordførar Jenny Følling.

Besøkstal

Med 19 prosent fleire besøkjande på Musea i Sogn og Fjordane i 2024 samanlikna med året før nådde vi endeleg same besøkstal som vi hadde før pandemien, i 2019. Dette gjev eit samla besøkstal på 57 668, som er svært gledeleg. Auken tek oss raskt nærmare målet vi har sett oss om 70 000 besøkjande ved utgangen av 2026. Det tek tid å komme seg etter ei så omfattande krise som koronapandemien var. Auka besøk gjev òg ein kjærkomen vekst i eigeninntektene.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum i Kaupanger hadde flest besøkjande. 11 000 besøkjande er ein vekst på 13 prosent. Årsaka til auken er at museet legg opp til arrangement med aktivitetar som kan opplevast attraktive, som førjulsverkstad. I tillegg har samarbeid med andre lag og organisasjonar vore viktig. Museet har òg hatt ein jamn auke i alle besøksgruppene i hovudsesongen. Mange frivillige hjelparar legg ned ein stor innsats for museet.

Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand er det nest mest besøkte museet vårt, med 10 381 gjestar. Dei har også ein svært god auke, med 2 600 fleire besøkjande enn året før. Det kjem i stor grad av ei auka tilstrøyming av turistar i sommar, men også av mange godt besøkte arrangement og godt lokalt samarbeid.

Det tredje mest besøkte museet, Astruptunet, hadde størst vekst i tal, med 4 059 fleire besøkjande enn året før. Nyopninga av tunet har gjeve mykje merksemd, mellom anna frå H.M. Dronning Sonja, som stod for opninga.

Sogn Kunstsenter i Lærdal utmerkjer seg også. For tredje år på rad har museumsarenaen ein fenomenal auke. 3 384 besøkjande er 450 prosent fleire enn i 2019. Det kjem truleg av at dei har treft med utstillingstematikken og godt samarbeid med kommunen.

Fleire av dei mindre besøkte musea våre gjorde også hopp på besøksstatistikken dersom ein ser på prosent besøkjande. Eikaasgalleriet i Jølster, Vågsberget i Måløy og Sogn Fjordmuseum har hatt mellom 60 og 100 prosent auke. Besøkstala gjennom sesongen har vore positive, men hovuddelen av auken kjem frå godt besøkte arrangement. Landslovjubileet på Eikaasgalleriet, handelsdag på Vågsberget og open dag i Kaupanger på Fjordmuseet var svært populære arrangement.

Nordfjord Folkemuseum har hatt ein fin auke på rundt 1 100 besøkjande, mykje takka vere auken i landbasert cruisetrafikk i sommarsesongen, som begynner å komme attende etter pandemien. Kystmuseet i Sogn og Fjordane hadde ein fin vekst i sommarsesongen, som følgje av at den ferdig restaurerte Nilsenslippen blei opna for publikum i vår. Arrangement rundt Nilsenslippen har vore populære. Totalt gjennom året fekk dei ca. 6% auke i besøkstala.

Sunnfjord Museum og Kvernsteinsparken har begge ein liten auke i besøkstala frå i fjor. Førstnemnde har hatt 4 273 besøkjande, og i Hyllestad har vi klokka inn 2 680 gjestar.

Nedst på statistikken kjem Kunstmuseet i Sogn og Fjordane, som hadde ein nedgang på nesten 3 000 besøkjande. Det kjem av den svært populære Astrup-utstillinga frå året før, som er vanskeleg å matche.

Det har også vore gjort eit forsøk med å opne autolinebåten Haugefisk for publikum i sommar. Det kom 434 besøkjande – ikkje det store resultatet, men vi har hausta erfaringar.


Vi nyttar felles rapporteringsskjema for besøkjande, med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk kulturråd. Besøkjande som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområde til rekreasjon, er ikkje registrert i besøksstatistikken.

BESØKSSTATISTIKK FOR MUSEA I SOGN OG FJORDANE

BESØKSSTAD	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Anders Svor Museum	758	491	774	688	863	0	0	0	0	0
Astruptunet	3 001	4 505	4 793	4 311	3 429	5 548	4 755	3 263	4 059	7 453
Eikaasgalleriet	1 113	1 744	1 866	1 161	1 078	790	804	640	589	1 206
Sogn Kunstsenter	5 779	533	511	522	610	0	505	1 694	2 254	3 384
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	8 061	7 081	6 926	6 171	6 845	3 741	4 969	5 453	8 601	5 683
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	8 231	6 265	7 949	10 781	8 803	2 824	3 936	6 147	4 291	4 546
Nordfjord Folkemuseum	9 352	9 611	8 817	6 335	7 537	3 009	2 499	2 880	2 888	3 982
Norsk Kvernsteinsenter	2 403	2 332	3 243	3 141	3 072	1 275	2 787	1 009	2 497	2 680
Norsk Reiselivsmuseum	0	5 509	5 881	7 318	4 948	2 549	3 545	6 414	7 770	10 381
DHS – Sogn Folkemuseum	13 810	17 777	18 036	17 365	15 511	4 800	6 034	8 325	9 735	10 999
Sogn Fjordmuseum						*	794	0	857	1 346
Sunnfjord Museum	8 576	7 966	8 034	6 501	4 844	2 054	3 031	3 345	4 112	4 273
Vågsberget						*	419	215	806	1 301
Haugefisk										434
SUM PR. ÅR	61 084	63 814	66 830	64 294	57 540	26 590	34 078	39 385	48 459	57 668

*Ikkje eigne tal for Vågsberget og Sogn Fjordmuseum før 2021 (ligg under tal for Kystmuseet og DHS – Sogn Folkemuseum)

BESØKSSTALsutvikling i musea 2015–2022



5



Om Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) blei oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følgje av den statlege museumsreforma (St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving).

MiSF blei stifta 14. januar 2009, med ein stiftingskapital på 100 000 kroner, fordelt med 50 000 kroner på Sogn og Fjordane fylkeskommune og 10 000 kroner på kvar av dei andre stiftarane, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum. I 2013 blei Kvernsteinsparken del av stiftinga, og i 2017 blei Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum del av Musea i Sogn og Fjordane. Seinare har samlinga til Nordfjord Sogelag og stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane også blitt del av Misf.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane bestod av desse musea ved utgangen av 2024:

- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Sogn Fjordmuseum
- Norsk Reiselivsmuseum
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Astrupunet
- Eikaasgalleriet
- Sogn Kunstsenter
- Nordfjord Folkemuseum
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Vågsberget
- Sunnfjord Museum
- Kvernsteinsparken

Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det ifølgje stiftingsvedtekten vere eit råd for det konsoliderte museet. Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyrta, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet og BKSF (Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane). Rådet hadde eitt møte i 2024.

Styret

Styret er sett saman av styreleiar, nestleiar og fem styremedlemmer, totalt sju personar. Vestland fylkeskommune vel styreleiaaren og ein styremedlem, med personlege varaer. Rådet vel tre medlemmer, med personlege varaer. To medlemmer, med personlege varaer, blir valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga. Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtaler elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore driven i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningslinene som er gjevne i tilsegnssbreva frå offentlege styresmakter.



Styret i Musea i Sogn og Fjordane fra venstre: Siri Sandvik, Knut Arve helle, Rune Hegrenes, Therese Nesset, Ivar Kvalen, Gunhild Berge Stang, Magni Aa Berge. Foto: Jan Heggheim.

Styremedlemmer 2024

Styreleiar:	Ivar Kvalen
Nestleiar:	Gunhild Berge Stang
Styremedlem:	Magni Aa Berge
Styremedlem:	Siri Sandvik
Styremedlem:	Rune Hegrenes
Styremedlem (tilsettrepresentant):	Knut Arve Helle
Styremedlem (tilsettrepresentant):	Therese Nesset
Første vara:	Hege Lothe
Andre vara:	Frode Bøthun
Tredje vara:	Eli-Grete Høyvik
Fjerde vara:	Hilde Kvamsås Aa
Femte vara:	Monica Finden
Første vara tilsette:	Hilde Wiik
Andre vara tilsette:	Ingvild Førde


Leiargruppa

Leiargruppa består av administrerande direktør, direktør for forsking og bevaring, direktør for kunst, direktør for kulturhistorie, administrasjonssjef, HR-sjef, driftssjef og kommunikasjons- og marknadssjef. Møtefrekvensen er to–fire gonger i månaden.

Utvida leiargruppe

Den utvida leiargruppa består av leiargruppa, alle museumsleiarane, leiande handverkar (vakant) og marknadskonsulenten. Møtefrekvensen er fire gonger i året.

Organisasjonskart



6



Årsrekneskap

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Styrets si årsmelding for 2024

Org.nr. 994 179 136 – Rekneskapsår 01.01.2024–31.12.2024

Verksemdas art og lokalisering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eit konsolidert museum oppretta i 2009, som verkar i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Dei ulike museum og besøksstadane omfattar Nordfjord Folkemuseum (Sandane – Gloppen Kommune), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø – Kinn Kommune), Sunnfjord Museum (Førde – Sunnfjord Kommune), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger – Sogndal Kommune), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde – Sunnfjord Kommune), Kvernsteinsparken (Hyllestad Kommune), Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand – Sogndal Kommune), Handelsstaden Vågsberget (Vågsøy – Kinn Kommune), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger – Sogndal Kommune), Astrictunet (Sandal - Sunnfjord Kommune), Eikaasgalleriet (Ålhus – Sunnfjord Kommune) og Sogn Kunstsenter (Lærdal Kommune).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er ei stifting registrert i foretaksregisteret i Brønnøysund med organisasjonsnummer 994 179 136. Forretningsadresse er Gota 16, 6823 Sandane.

Føremålet til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling. Stiftinga skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Stiftinga kan også drive verksemd med naturleg tilknyting til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.

Stiftinga si målform er nynorsk.

Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane

Viktigaste hendingane i 2024 er oppstart av arbeidet i Tinghuset (fellesmagasinet), og igangsetting av verne og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane. Det er sett i gang eit større vedlikehaldsprosjekt på Kystmuseet. Godt samarbeid på tvers av gamle avdelingar er framleis høgt prioritert.

Musea i Sogn og Fjordane mottekk offentlege tilskot frå alle offentlege nivå, stat, fylket og kommune. For 2024 utgjer ordinære offentlege tilskot 89 % av totale inntekter. I tillegg til dette mottek MiSF tilskot frå Kulturdepartementet på vegne av Måløyraidsenteret, Gulatinget og Jakob Sande selskapet. Desse tilskota vert vidare utbetalt til dei nemnde organisasjonane og er ikkje ein del av tala i årsrekneskapen. For året summerte dei nemnde tilskota seg med følgande fordeling; kr 743 200, kr 570 000 og kr 1 112 600.

Styrearbeidet

Styret hadde fem møte og behandla 40 saker i 2024.

Framleis drift

Styret vurderer MiSF sin økonomiske situasjon som solid med ein eigenkapitalgrad på 27 % og likviditeten som god.

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er til stades, og legg dette til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Den finansielle risikoen i stiftinga er låg.

Arbeidsmiljø

Å skape sterke og trygge arbeidsmiljø er eit prioritert fokusområde i MiSF, det er også viktig ettersom vi har ein hybrid organisasjonsmodell med stor geografisk spreiing. I tillegg til faste rutinar på medarbeiderundersøking, medarbeideroppfølging og HMT har vi i 2024 forsterka arbeidet med å skape relasjonar, faglege og sosiale treffpunkt og samarbeidsmoglegheiter på tvers av organisasjonen.

Vi har gjennomført kvartalsvise møter i AMU, samt jamlege informasjons- og drøftingsmøte med tillitsapparat.

Skader og ulukker

Det er registrert ein personskade på Tinghuset i 2024. Skaden gjaldt fall på isen på parkeringsplass utanfor arbeidsstad. Avvik registrert og lukka, og tilsett fulgt opp.

Sjukefråvær

Totalt sjukefråvær per 31.12.2024 utgjer 3,93% mot 2,75% i 2023. Tal viser auke i fråvær samanlikna med fjoråret, men stiftinga vurderer sjukefråvær til å vere tilfredsstillande. Stiftinga har tilfredsstillande og tett sjukefråværsoppfølging i tråd med lover og interne reglar.

Likestilling og diskriminering

Både styret og leiinga er bevisste på dei samfunnsmessige forventningar og krav som ligg til arbeid med likestilling og diskriminering. Det er planlagt å utarbeide ein strategi for arbeid med mangfold og likestilling i MiSF i 2025, som viser konkrete mål for dette arbeidet i MiSF. Utover dette arbeider stiftinga aktivt for å hindre diskriminering og sikre inkludering gjennom rutiner og prosessar innan personalpolitikk, rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og medarbeideroppfølging.

Stiftinga hadde i 2024 til saman 63,76 årsverk. Dette er inklusive vikarar, mellombelse engasjement/prosjektstillingar og sommarvertar/timetilsette. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredsstillande fokus på likestilling.

Åpenhetsloven

MiSF har ein storleik som gjer at organisasjonen pålagd å fylje utgreiingsplikta i tråd med åpenhetslova si §4. Utgreiing på området er tilgjengeleg på nettstaden www.misf.no, i tråd med krav i lova.

Type rolle/stilling per 31.12.24	Tal	Kvinner/menn
Administrerande direktør	1 årsverk	Mann
Leiargruppa	8 årsverk	3 kvinner, 5 menn
Museumsleiarar	8 årsverk	7 kvinner, 1 mann
Styret	7 personar	4 kvinner, 3 menn
Faste stillingar	57,04 årsverk	45 kvinner, 30 menn
Mellombelse stillingar/sesongtilsette/vikariat	6,72 årsverk	44 kvinner, 49 menn
Andel foreldrepermisjonar i 2024	4	1 kvinne, 3 menn

Ytre miljø

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre betydeleg påverknad på det ytre miljø.

Forsikring styret/dagleg leiar

Det er ikkje teikna forsikring for styrets medlemmar eller administrerenda direktør med tanke på deira moglege ansvar overfor stiftinga.

Årsresultat og disponering

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettvisande bilet av drifta i løpet av året og av stillinga ved årsslutt.

Stiftinga hadde i 2024 eit bokført negativt resultat på 2 329 529 kroner. Styret sitt framlegg til disponering er at underskotet vert dekt av annan eigenkapital.

Styret er ikkje kjend med hendingar etter avslutning av årsrekneskapen som påverkar rekneskapen i vesentleg grad. Kontantstraumen er negativ og kan forklaraast med store investeringar i verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta og Tinghuset, samt at driftsnivået har lagt opp til tæring på eigenkapital.

Ved utgangen av 31. desember 2024 var total eigenkapital på kr 28 915 180. Netto pensjonsforpliktning er balanseført til kr 18 598 680.

STIFTINGA MUSEA I SGN OG FJORDANE

Sandane 25.02.2025

Ivar Kvalen

Styreleiar

Gunhild Berge Stang

Nestleiar

Siri Sandvik

Styremedlem

Therese Nesset

Styremedlem

Magni Aa Berge

Styremedlem

Knut Arve Helle

Styremedlem

Rune Hegrenes

Styremedlem

Jan Heggheim

Adm. direktør

Resultatrekneskap

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTAR	2024	2023
Salsinntekt	1	5 238 526	4 963 654
Driftstilskot	1	67 708 800	66 145 217
Prosjektinntekter	1, 2	2 228 693	3 758 290
Anna driftsinntekt	1	796 515	811 693
Sum driftsinntekter		75 972 534	75 678 854
Varekostnad		1 255 236	1 421 703
Udstillingskostnader, kunstkommisjon		394 035	224 190
Lønskostnad	3	47 760 098	44 911 255
Ordinær avskrivning	4	1 515 258	807 189
Annan driftskostnad	3, 5, 6	29 528 825	28 473 093
Sum driftskostnader		80 453 452	75 837 430
Driftsresultat		-4 480 917	-158 576
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		2 156 089	2 178 865
Anna finansinntekt		1 203	55 159
Annan rentekostnad		-5 300	-53 747
Annan finanskostnad		-603	-14 368
Netto finansresultat		2 151 388	2 165 909
ÅRSRESULTAT		-2 329 529	2 007 334
OVERFØRINGAR			
Overført til/frå annan eigenkapital		-2 329 529	2 007 334
Sum overføringar		-2 329 529	2 007 334

Balanse pr. 31. desember

EIGEDELAR	NOTAR	2024	2023
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	4	64 509 751	92 853 989
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	4	3 803 654	2 489 397
Sum varige driftsmiddel		68 313 405	95 343 386
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar		255 730	255 730
Andre langsiktige fordringar		2 377 948	2 221 371
Sum finansielle anleggsmiddel		2 633 678	2 477 101
Sum anleggsmiddel		70 947 083	97 820 487
Omløpsmiddel			
Varer		895 225	872 273
Fordringar			
Kundefordringar	7	360 255	1 017 305
Andre kortsiktige fordringar	7	7 773 752	7 908 472
Sum fordringar		8 134 006	8 925 777
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	26 499 907	42 679 704
Sum omløpsmiddel		35 529 138	52 477 754
SUM EIGEDELAR		106 476 222	150 298 241

Balanse pr. 31. desember

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTAR	2024	2023
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	9	4 456 483	4 456 483
Sum innskoten eigenkapital		4 456 483	4 456 483
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	24 458 697	26 788 226
Sum oppent eigenkapital		24 458 697	26 788 226
Sum eigenkapital		28 915 180	31 244 709
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Pensjonsplikter	10	18 598 680	18 868 987
Sum avsetjing for plikter		18 598 680	18 868 987
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		8 037 645	17 294 642
Skyldige offentlige avgifter		2 720 874	2 980 364
Anna kortsiktig gjeld	11	6 895 040	4 718 517
Pågående prosjekt	2	41 308 802	75 191 021
Sum kortsiktig gjeld		58 962 361	100 184 544
Sum gjeld		77 561 041	119 053 531
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		106 476 222	150 298 241

STIFTINGA MUSEA I SGN OG FJORDANE

Sandane 25.02.2025

Ivar Kvalen
Styreleiar

Gunhild Berge Stang
Nestleiar

Siri Sandvik
Styremedlem

Therese Nesset
Styremedlem

Magni Aa Berge
Styremedlem

Knut Arve Helle
Styremedlem

Rune Hegrenes
Styremedlem

Jan Heggheim
Adm. direktør

Notar til rekneskapen 2024

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende:

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekt er resultatført når den er opptent. Utgifter er samanstilt og kostnadsført samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til.

Utgifter som ikke kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei har oppstått.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld.

Egedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre egedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagde til grunn. Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, vert avskrivne planmessig. Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og vert avskrive over driftsmidlane si levetid. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpende under driftskostnader, medan påkostningar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlets kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet. Leigde (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leigekontrakta er finansiell.

Fordringer

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffelseskost etter FIFO prinsippet og virkeleg verdi. Det foretas nedskrivning for pårekneleg ukurans.

Pensjoner

Stiftinga har ei ytelsesbasert pensjonsordning. Ytelsesplan betyr at pensjonsordninga definerer ein pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Ytelsesplanen er avhengig av fleire faktorer som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er nåverdien av dei definerte ytelsane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlene, justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidligare perioder sin pensjonsopptjening. Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av en uavhengig aktuar ved bruk av en lineær oppteningsmetode.

Noverdien av dei definerte ytelsane vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalingar med ein langsiktig risikofri rente med tillegg av eit risikopåslag. Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene utover det største av 10% av verdien av pensjonsmidlane og 10% av pensjonsforpliktingane, blir ført i resultatrekneskapet over en periode som tilsvarer arbeidstakarane si forventa gjennomsnittlege resterande tid til pensjonering. Endringar i pensjonsplanen sine ytelsar vert kostnadsført eller inntektsført løpende i resultatrekneskapen, med mindre rettigheitene etter den nye pensjonsplanen er betinga av at arbeidstakaren vert verande i teneste i ein spesifisert tidsperiode. I dette tilfellet resultatførast effekten av endringa lineært over oppteningsperioden.

Noverdien av pensjonforpliktingane er avhengig av fleire faktorar (herunder diskonteringsrenten) som må fastsettast ved bruk av en rekke antagelsar. Ei kvar endring i desse føresetnadene påverkar pensjonsforpliktingane. Andre grunnleggande føresetnadene for pensjonsforpliktelsane er delvis basert på faktiske marknadsforhald. Tilleggsinformasjon vert vist i note.

Konsolidering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og er ei samanslutning av følgjande organisasjonar:

- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Sunnfjord Museum
- Nordfjord Folkemuseum
- Norsk Kvernsteinsenter
- Norsk Reiselivsmuseum

Note 1 Driftsinntekter

All omsetning i Norge	2024	2023
Omsetning varer og tjenester	5 238 526	4 963 654
Tilskot frå stat v/Kulturdepartementet	42 907 533	41 144 700
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	16 687 599	17 114 799
Tilskot frå kommunar (tidl. Sogn og Fjordane fylke)	8 113 668	7 885 718
Inntekter prosjekt	2 228 693	3 758 290
Andre driftsinntekter	796 515	811 693
Sum driftsinntekter	75 972 534	75 678 854

Note 2 Prosjekt i arbeid

Stiftinga mottak årleg tilskot. Midlar gjevne til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatføres når dei vert brukt. Eventuelle overskot/underskot på prosjekta vert belasta drifta og blir ikkje vist i noten.

	Prosjekt nr	Saldo 01.01.	Mottatt	Bruk	Saldo 31.12.
Forskinsinfrast. for musea i Vestland	1021	1 330 439	-107 701	1 222 738	0
Takrestaurering Kystmuseet	1023	362 719	0	350 668	12 051
Å forse saman –	1025	0	407 700	0	407 700
Museumsløft '24 VLFK					
Museumsbuss	1035	0	1 000 000	61 343	938 657
Båtmagasin felles	1315	2 359 688	0	0	2 359 688
Heggdalsloftet 2024 –	2024	0	150 000	2 460	147 540
Museumsløft VLFK					
Stabbursikring Vågsberget	3452	0	115 000	11 800	103 200
Mostien	4057	68 102	0	0	68 102
Elvhaug	5917	358 690	45 760	10 135	394 315
Fjordmuseum	5927	239 819	0	0	239 819
Kulturlandskap museum	5928	100 148	0	22 947	77 201
NRM uførutsette kostnader	5943	269 638	150 000	311 128	108 510
Hemrebui	5966	153 640	0	3 067	150 573
DKS det omreisande museet	5967	97 498	0	7 299	90 199
Nasjonalt nettverk Kulturlandskap	5968	0	85 715	0	85 715
Pilotprosjekt Kunst	6064	778 261	250 000	225 108	803 153
Utviklingsmidlar NKS	7017	163 503	0	0	163 503
Sum prosjektmidlar felles konto		6 282 144	2 096 474	2 228 693	6 149 925

Prosjekt på eigne kontoar

Verne- og formidlingsbygg	1881	16 608 877	18 550 000	35 158 877
Holvikejekta				
TINGhuset (fellesmagasin)	1051	52 300 000	7 700 000	60 000 000
Sum prosjektmidlar totalt		75 191 021	28 346 474	62 228 693
				41 308 802

Note 3 Lønskostnadar og ytingar, godtgjersler til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnad

	2024	2023
Løn	38 283 544	35 088 573
Arbeidsgjeveravgift	4 621 978	5 060 964
Pensjon	4 518 056	4 715 911
Andre personalkostnader	336 520	45 807
Sum	47 760 098	44 911 255

Antall årsverk faste

57

Antall årsverk andre

7

Sum årsverk

64

64

Ytingar til leiande personar

	Dagleg leiar	Styret
Løn/honorar	1 131 715	211 369
Andre ytingar	31 982	5 490
Sum	1 163 697	216 859

Revisor

	2024	2023
Honorar revisjon (eks.mva)	286 232	245 205
Andre revisjonsrelaterte tenester (eks.mva)	51 509	15 873

Note 4 Anleggsmidlar

Tomter, bygningar og anna fast eidegom	Tomt Ramstad	Tinghuset	Bygning Holvikekjekta	Bygg KSF/ rehab SUM	SUM
Anskaffelseskost 1.1.	2 718 124	76 642 296	5 856 676	9 196 355	94 413 451
Tilgang i året		1 656 695	30 693 090		32 349 785
Avgang i året				-8 715	-8 715
Finansiert med tilskot		-60 000 000			-60 000 000
Anskaffelseskost 31.12.	2 718 124	18 298 991	36 549 766	9 187 640	66 754 521
Samla ordinære avskrivinger	0	1 913 813	0	330 957	2 244 770
Bokført verdi 31.12	2 718 124	16 385 178	36 549 766	8 856 683	64 509 751
Årets ordinære avskrivinger		595 069	0	90 237	685 306
Levetid		50 år		20-50 år	
Avskrivingsmetode		Lineær		Lineær	
Driftsløsøre, inventar, verktøy, mm.	Fast utstilling	Inventar og utstyr	Haugefisk	Bilar	SUM
Anskaffelseskost 1.1.	1 352 043	6 087 993	0	279 800	7 719 836
Tilgang i året		749 514	1 394 695		2 144 209
Avgang i året					0
Anskaffelseskost 31.12.	1 352 043	6 837 507	1 394 695	279 800	9 864 045
Samla ordinære avskrivinger	202 807	5 460 489	117 295	279 800	6 060 391
Bokført verdi 31.12	1 149 236	1 377 018	1 277 400	0	3 803 654
Årets ordinære avskrivinger	202 807	509 851	117 295	0	829 953
Levetid	10 år	3-10 år	5-20 år	4 år	
Avskrivingsmetode	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær

Note 4 Anleggsmidlar (forts)

Overtaking av kunstsamling frå Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga eig ei mindre kunstsamling som ikkje er balanseført. Eigarskapen vart overførd i samband med sammenslåinga av Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2017. Overdraginga var vederlagsfri. I 2020 og 2021 har vi mottatt ekstraordinære tilskot på 5 million til innkjøp av norsk samtidskunst, frå nolevande kunstnarar. Desse kunstverka er ikkje balanseført.

Overtaking av samlingar frå Nordfjord Sogelag

Pr. 1. september 2018 overlot Nordfjord Sogelag eigarskapen til bygningar og gjenstander ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Overdraginga var vederlagsfri. Eigedelane er ikkje balanseført i rekneskapen.

Overtakinga omfatta desse bygg og gjenstander:

- Holvikjejekta
- Administrasjons- og utstillingsbygg
- Lagerbygg
- Friluftsmuseet med 44 antikvariske bygninger og ein kopi (Jølet)
- 2 bygninger utenfor Jølet
- Ca 23.000 gjenstander

Overtaking av bygg og samlingar frå Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Med rekneskapsmessig verknad pr. 1. januar 2021, har Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Kystmuseet i Sogn og Fjordane slått seg saman. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er overtakande stifting. Overdraginga var vederlagsfri. Driftsbygg og anlegg er balanseført i rekneskapen. Samlingane er ikkje balanseførte.

Vamråk i Bremanger Kommune (Kalvåg) er pr. november 2024 gjeve i gáve til Kalvåg Kystlag for kr 100. Det føreligg ein tilbakeføringsklaus i avtalen med Kalvåg Kystlag at dersom dei på eit tidspunkt ikkje ynskjer å eige Vamråk lengre, vil bygget tilbakeførast til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Vamråk er ført ut av balansen.

Tinghuset – fellesmagasin

Tinghuset byggetrinn 1 vart offisielt opna 2. februar 2024 og vart tatt i bruk etter det.

Tinghuset er ført som eit anleggsmiddel med frådrag for mottekne investeringstilskot. Tilskota var i 2023 ført som ei forplikting i balansen.

Note 5 Andre driftskostnader

	2024	2023
Fraktkostnader	71 148	363 156
Kostnader lokale	12 329 302	11 782 321
Leie av driftsmidler	1 258 766	926 166
Inventar, utstyr, samlingar og utstillinger etc.	4 919 295	4 588 866
Rep./vedl.hold	3 737 787	3 785 087
Revisjon, regnskap, konsulent	1 655 976	1 708 249
Kontorkostnader/telefon/porto	1 181 321	1 019 985
Bilkostnader	84 823	123 727
Reisekostnader	1 118 614	1 260 015
Marknadsføringskostnader	1 675 882	1 350 956
Forsikringskostnader	889 951	836 975
Andre driftskostnader	605 960	727 590
Sum kostnader	29 528 825	28 473 093

Note 6 Leigeavtaler

Stiftinga har følgjande leigeavtalar:

Leige lokale	Utleigar	Leigeperiode		Årleg leige
		Frå	Til	
Norsk Reiselivsmuseum	Statsbygg	01.04.2015	31.03.2043	4 734 171
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	Vestland fk	01.01.2013	31.12.2032	3 014 938
Kaileige i Bremanger (Haugefisk)	Havstjerna Eigedom AS			14 000
Løa	Krokane Gard			55 495
Kontor, Kvernsteinsparken	Hyllestad Kommune			35 039
Lagerleige, Førde	O. Drage AS			146 880
Eikaasgalleriet, kontorpllass	S. Bjørset/Sunnfjord Kommune			24 000
Lager, Vestreim	Einar Dalaker			130 002
Modulleige Prestholmen og Florø	Ramirent			87 667
Andre tilfeldige leiekostnader				59 367
Sum				8 301 559

Leasing transportmidlar/utstyr:

Leige programvare IT	01.01.2024	31.12.2024	1 048 540
Andre tilfeldige leiekostnader	01.01.2024	31.12.2024	210 226
Sum	1 258 766		

Note 7 Kundefordringar/Andre fordringar

Kundefordringar

Selskapet sine kundefordringar er vurdert til pålydende, redusert med avsetning for tap på krav med kr 150.000. Tilsvarende avsetning i fjor var kr 150.000. Av kundefordringane er det kr. 379 571 som er eldre enn ett år.

Andre fordringar

	2024	2023
Løyvde ikkje mottekne tilskot	2 551 000	718 000
Forskat løn/reise	10 361	20 000
Til gode merverdiavgift	3 037 489	5 057 279
Forskotsbetalte kostnader	2 174 902	2 113 193
Sum andre fordringar	7 773 752	7 908 472

Av desse fordringane er kr 568 000 over 1 år.

Note 8 Bundne bankinnskot

Av inneståande i bank er kr. 1 398 106,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 9 Spesifikasjon eigenkapital

Stiftarar	Sum
Innbetalt stiftingskapital	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000
Nordfjord Folkemuseum	10 000
Sunnfjord Museum	10 000
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	10 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	10 000
De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum	10 000
Sum opprinnelege stiftarar	100 000
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Sammanslåing 2017)	110 000
KSF grunnkapital stiftinga (Sammanslåing 2021)	4 246 483
Sum grunnkapital	4 456 483

Spesifikasjon eigenkapital

	Grunnkapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1.	4 456 483	26 788 226	31 244 709
Årets resultat		-2 329 529	-2 329 529
Eigenkapital 31.12.	4 456 483	24 458 697	28 915 180

Note 10 Pensjonsforsikringer

Pensjonsordningen er organisert gjennom ein kollektiv pensjonsforsikring i KLP. Ordninga gjev rett til ein definert fremtidig yting. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygden. Forpliktingane er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Arbeidsgjevaravgifta er i hovudsak berekna med 10,6 % for stiftinga på innbetalt pensjonspremie, sidan arbeidsstader ligg i arbeidsgjeversoner med redusert sats og fribeløp. Når fribeløpet er overskredet, aukar satsen til 14,1 %. I aktuarberekinga frå KLP er det brukt ein sats for arbeidsgjeveravgift på 11,14%, som er gjennomsnittleg sats for AGA i MiSF.

Avstemming pensjonskostnad	2024	2023
Tal personer som er med i ordninga	100	69
Betalt pensjonsforsikring	7 490 146	8 618 979
Bruk av premiefond	-1 969 860	-436 971
Endring i pensjonsforpliktelser	-262 382	-2 757 760
Arbeidsgjevaravgift pensjonsgrunnlag	506 695	896 949
Pensjonstrekk tilsett	-739 848	-708 336
Rekneskapsført pensjonskostnad inkl AGA	5 024 751	5 612 861

Ny livsvarig AFP i offentleg sektor vart sanksjonert i lov om statens pensjonskasse i april 2024. Dette medfører ei endring av pensjonsplanen til dei tilsette. I medhald av NRS 6 skal planendringar tas med i resultatrekneskapen. Per no manglar dei tilhøyrande forskriftene. Videre manglar avklaring om fordeling av kostnader for ny AFP og ei formell avtale om dette for føretaka i 2024. Det vurderast derfor ikkje tilstrekkeleg med avklaring til å kunne måle/beregne denne pensjonsforpliktinga/pensjonskostnaden inn i rekneskapen i 2024. Planendring for ny AFP vil for mange medføre ein betydeleg auke i pensjonskostnad og pensjonsforplikting for 2025.

Stiftinga har gjennom ordninga i KLP opparbeidd eit premiefond:

Premiefond	2024	2023
Saldo 01.01	4 821	32 186
Avrekna/innbetalt i året	1 965 040	404 785
Avkastning i året	22 929	4 821
Bruk av fondet gjennom året	-1 969 860	-436 971
Premiefond – Saldo 31.12	22 930	4 821

Egenkapitaltilskot

Andel av oppsamla EKT pr 31.12. flg. oppgåve frå KLP	2 221 371	2 078 016
Innbetalt i året i flg. oppgåve frå KLP	156 577	143 355
EKT bokført 31.12	2 377 948	2 221 371

Note 10 Pensjonsforsikringer (framhald)

Pensjonskostnadar inkl. aga (frå aktuarbereking)

	2024	2023
Noverdi av årets opptering	6 074 031	6 356 595
Rentekostnad	2 871 533	2 562 749
Brutto pensjonskostnad	8 945 564	8 919 344
Forventa avkastning	-3 871 101	-3 439 951
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	178 463	190 906
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	5 252 926	5 670 299
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	585 176	631 671
Resultatført pensjonskostnad	5 838 102	6 301 970

Pensjonsforpliktning (beste estimat)

	2024	2023
Brutto påløpt pensjonsforpliktning	87 769 593	88 160 508
Pensjonsmidlar	80 608 492	71 985 252
Netto forpliktning før arb.avgift	7 161 101	16 175 256
Arbeidsgjeveravgift	797 747	1 801 924
Netto forpliktning inkl. aga	7 958 848	17 977 180
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst(tap) ekskl.agा	9 573 360	802 418
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	1 066 472	89 389
Ikkje resultatført planendringer		
Balanseført ntno forpliktelse/(midlar) etter aga	18 598 680	18 868 987
Herav balanseført aga	1 864 219	1 891 313

Årets endring er ført mot resultatrekneskapen under lønskostnad.

-270 307 -2 763 594

Økonomiske forutsetninger

	31.12.2024	31.12.2023
Forutsetninger		
Diskonteringsrente	3,90%	3,10%
Lønsvekst	4,00%	3,50%
G-regulering	3,75%	3,25%
Pensjonsregulering	3,00%	2,80%
Forventa avkastning	5,90%	5,30%
Agasats	11,14%	11,14%
Amortiseringstid	8	8
Korridorstørrelse	10,00%	10,00%

Note 11 Anna kortsiktig gjeld

	2024	2023
Påløpne feriepengar	4 008 054	3 613 311
